

# NORSK LOKALHISTORISK INSTITUTT

## – ÅRSRAPPORT 2016

### Innhald

<b>Del I: Melding frå leiaren</b>	s. 2
<b>Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal</b>	s. 3
<b>Styret og stillingar</b>	s. 4
<b>Del III: Aktivitetar og resultat i 2016</b>	s. 5
<b>Råd og rettleiing</b>	s. 6
<b>Forsking</b>	s. 6
<b>Seminarverksemd</b>	s. 10
<b>Sosiale og dynamiske media (Lokalhistoriewikien)</b>	s. 11
<b>Bibliotek og bibliografi</b>	s. 14
<b>Redusere og fjerne tidstjuvar</b>	s. 14
<b>Arbeid for likestilling</b>	s. 15
<b>Grøn stat</b>	s. 15
<b>Del IV: Styring og kontroll i verksemda</b>	s. 16
<b>Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda</b>	s. 16
<b>Del V: Vurdering av framtidsutsikter</b>	s. 16
<b>VI: Rammer for årsrekneskap 2016</b>	s. 17
<b>Kommentar frå leiaren</b>	s. 17
<b>Formål</b>	s. 17
<b>Stadfesting</b>	s. 17
<b>Vurdering av vesentlege tilhøve</b>	s. 17
<b>Prinsippnote til årsrekneskapen</b>	s. 18
<b>Bevilgningsrapportering, note A og B (herfra bokmål)</b>	s. 19
<b>Artskontorrapportering for 2016 og note 1-8</b>	s. 20-25

## Del I: Melding frå leiaren

Vår store satsing Lokalhistoriewiki (LHW) er eit framifrå døme på korleis samarbeid mellom personar som sit fjernt frå kvarandre på ulike stader, lettint kan få tilgang til det lokalhistoriske kunnskapsfeltet på Internett. Wikien hadde ein vekst på om lag 5 900 artiklar i året 2016 (16 prosent). Talet på besøk på LHW nådde opp i 1,146 millionar (10 prosent auke), og det var 3 millionar sidevisingar. Talet på biletar og lydfilar auka med over 16 000 (11 prosent). Både tala er langt over dei mål vi sette oss i årsplanen for verksemda. Lokalhistoriewikien har i dag omkring 2600 registrerte brukarar.

Ein veksande del av auken skuldast dei mange samarbeidsprosjekta som wikien legg til rette for. Som ei direkte følgje av wikien har NLI i dag eit mykje tettare samarbeid enn tidligare med ei lang rekke offentlege institusjonar og friviljuge aktørar innanfor kultur- og kunnskapssektorane. Vi kan til dømes nemne Riksarkivet, Nasjonalbiblioteket (NB), Universitetet i Oslo, Universitetet i Tromsø, Høgskulanane i Volda og Telemark, Statistisk Sentralbyrå og Folkehelseinstituttet. Wikien har også skapt eit heilt nytt potensial for samarbeid med friviljuge organisasjonar innanfor kulturfeltet, og endeleg – og kanskje aller viktigast: Lokalhistoriewiki har skapt ein heilt ny dimensjon i samarbeidet vårt med dei aller tyngste aktørane innanfor kunnskapsfeltet lokalhistorie, kommunane og dei lokale historielaga. Det siste skuldast ei utvikling som særleg har skote fart i det siste året: Kommunane og historielaga har oppdage wikiens potensial som eit rimeleg, dynamisk, grenselaust, påliteleg og lokalt mobiliserande alternativ til fysiske by- og bygdebøker. Gjennom fleire år har NLI arbeidd aktivt for å marknadsføre wikiens potensial på dette området, og no er bodskapen i ferd med å nå fram.

NLI har aktivt oppfordra innvandrarar og innvandramiljø om å skrive historia om den nyare innvandringa til Noreg med utgangspunkt i et lokalsamfunnsperspektiv og på basis av eigne røynsler kring møtet mellom ulike kulturar. Dette har i 2016 resultert i bokutgjevinga *Norsk-tamilenes liv og historie 1956-2016*. Boka vart presentert på eit stort arrangement, med mange hundre personar til stades. Biografiske og andre typar artiklar frå den ovannemnde boka skal også publiserast på Lokalhistoriewiki. NLI har hatt opplæring av representantar for prosjektet, og dei har byrja arbeidet med publisering. Det må dessutan leggjast til at instituttet vårt også har søkt å stimulere norske lokalhistorikarar til å integrere kulturmøte, fleirkultur og innvandring i by- og bygdebøker.

NLI har i dei siste åra – i samråd med styret – gitt forskingsoppgåvene større tyngd innafor verksemda. Det har mellom anna gitt opningar for samarbeid med andre institusjonar, friviljuge organisasjonar og aktørar med forskingskompetanse eller gode idear. Mange av dei samarbeidsprosjekta som er etablert, har Lokalhistoriewiki som plattform. Men det er også gledeleg at to av forskerane våre i 2016 har kunna bruke tid til meir frittståande forskingsprosjekt, prosjekt som er viktige, interessante og relevante for det lokalhistoriske fagfeltet.

I det siste halvåret av 2016 var det ei hending som meir enn noko anna gav etterljom gjennom instituttet: beskjeden frå Kulturdepartementet om at «*Norsk lokalhistorisk institutt skal innlemmes i Nasjonalbiblioteket fra 1. januar 2017. Formålet er å opprettholde og videreutvikle det fagfeltet som NLI har ansvar for.*» Det skapte ei viss uro hos dei tilsette, men både representantar for

Departementet og Nasjonalbiblioteket bidrog sterkt til å døyve frykta for komande endringar. Tilsette ved NLI vart etter kvart meir opptatt av kva for potensial og nye mogelegheiter som finst for fagleg samarbeid innanfor ein så stor institusjon som NB. Arbeidet i dei to siste månadene i året var sjølvsgt noko prega av førebuande tiltak som måtte gjennomførast for å vere best mogeleg budd på dei endringane som ville kome allereie frå nyttår.



Oslo 06.04.2017

Aslak Sira Myhre  
direktør

## Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Norsk lokalhistorisk institutt (NLI) har fram til 1. januar 2017 vore ein sjølvstendig og frittståande statsinstitusjon under Kulturdepartementet (KUD). NLI er lokalisert i Oslo og har adresse i Observatoriegata 1 b. Instituttet har som samfunnsoppdrag å fremje lokal- og regionalhistorisk arbeid i Noreg og gi råd og rettleiing til dei ulike aktørane. Det skal drive eiga forsking, men også stimulere til forsking og fungere som eit nasjonalt dokumentasjonssentrum for lokalhistorie. I gjeldande strategiplan for NLI har instituttet følgjande visjon for verksemda:

*NLI skal være det ledende miljø på nasjonalt plan for dialogisk fagutvikling innen et vidt spektrum av stedsforskning, lokal- og regionalhistorie.*

Samfunnsoppdraget og visjonen plasserer NLI som eit sentralt knutepunkt i det lokalhistoriske kunnskapsfeltet på landsbasis. Instituttet skal medverke til forskingsbasert nyutvikling innan faget, ikkje berre drive konsultativ formidling av eksisterande kunnskap og dokumentasjon. I dagens forskings-, utdannings- og kommunikasjonsverd er det vesentleg å framheve at fagleg nyutvikling må skje i dialog og samverknad med andre aktørar og interessentar på feltet. Dette gjeld universitet og høgskular, ABM-sektoren, friviljuge organisasjoner, offentlege styresmakter og det interesserte publikum. Instituttet vil i denne samanheng også arbeide aktivt med å utvikle vår kompetanse og våre tiltak overfor minoritarar og innvandrarbefolkninga.

NLI har vore i drift med eigne kontor og eigen styrar/leiar sidan byrjinga av 1956. Rekneskapen til instituttet blir ført etter kontantprinsippet. NLI har eit styre på fem medlemer med personlege vararepresentantar oppnemnde av KUD. Medlemer og vararepresentantar blir oppnemnde etter framlegg frå Landslaget for Lokalhistorie, Noregs museums forbund, Den norske historiske foreining og frå Arkivverket. Kvar av desse peikar ut ein representant. Dessutan har dei tilsette ved NLI ein representant i styret. For perioden frå 2014 til 2017 har styret (frå 2017: fagrådet) følgjande samansetjing:

## Styresamsetjing:

Navn	Representerer
<b>Torveig Dahl, leiar</b>	Noregs Museumsforbund
Vararepresentant: Per Norseng	
<b>Finn-Einar Eliassen, nestleiar</b>	Den norske historiske foreining
Vararepresentant: Atle Døssland	
<b>Eli Fure</b>	Arkivverket
Vararepresentant: Sigrid Jostad	
<b>Aud Mikkelsen Tretvik</b>	Landslaget for lokalhistorie
Vararepresentant: Stein Arne Fauske	
<b>Hans Hosar</b>	Dei tilsette ved NLI
Vararepresentant: Ola Alsvik	

## Personalressursar og stillingar

Norsk lokalhistorisk institutt har hatt 10 faste stillingar i 2016. I tillegg har vi nokre mellombelse prosjektstillingar på til saman 2 årsverk. Instituttet har hatt følgjande personalsituasjon i året som gjekk:

Faste stillingar: 378 vekeverk = 8,5 årsverk

Navn	Stilling	Periode	Vekeverk
Marthe Glad Munch-Møller	Vitskapleg assistent/rådgjevar	01.01.-31.12 (80 %)	36
Hans P. Hosar	Forskar	01.01.-31.12	43
Siri Iversen	Førstekonsulent	01.01.-31.12	45
Knut Sprauten	Direktør	01.01.-31.12	43
Marianne Wiig	Informasjonsrådgjevar	01.01.-31.12	45
Ola Alsvik	Forskar	01.01.-31.12	44
Olve Utne	Forskar	01.01.-31.12 (22,5 %)	10
Jon Christian Brekke	Rådgjevar	01.01.-31.12 (50 %)	22,5
Trond Nygård	Rådgjevar	01.01.-31.12	45
Chris Nyborg	Rådgjevar	01.01.-31.12	45

Mellombelse stillingar: 2 årsverk ( i alt 9 personar)

Navn	Stilling	Periode	Vekeverk
Ragnhild Hutchison	forskar	01.01.-31.12.	16,5
Amund Pedersen	Rådgjevar	01.01.-31.05.	24,4
Jon Christian Brekke	Rådgjevar	01.01.-31.12 (50 %)	22,5
Nora Rodin	Vitskapleg assistent	01.01.-31.12	13
Marthe Glad Munch-Møller	Rådgjevar	01.10.-31.12 (20 %).	3,6
4 mellombelse stillingar		01.01.-31.12	11,3
<b>SUM</b>			91,3

Alle dei 9 mellombelse stillingane er knytta til prosjektoppdrag og utgjer om lag 2 årsverk. I alt: 10,5 årsverk.

	2015	2016	Endring
<b>Løn, totalt (kroner)</b>	5 395 000	5 643 000	+248 000 (4,6 %)
<b>Samla forbruk (kroner)</b>	8 042 000	8 495 000	+453 000 (5,6 %)

## Del III. Aktivitetar og resultat i 2016

NLI har eit tredelt samfunnsoppdrag i høve til det lokalhistoriske kunnskapsfeltet i Noreg:

- 1) Instituttet skal gje råd og rettleiing,
- 2) det skal drive eiga forsking og stimulere til forsking, og
- 3) det skal vere nasjonalt dokumentasjonssentrum.

På alle desse tre områda har det skjedd endringar dei seinare åra. Ei av dei viktigaste endringane når det gjeld rettleiingsdelen av verksemda, er at arbeidet i nokon grad har skifta tyngdepunkt – frå tradisjonelle by- og bygdebøker til fleirkulturelle, lokalhistoriske prosjekt, som kan vere særskrivende.

I 2016 har instituttet lagt ned eit omfattande arbeid for å få avslutta prosjektet om norsk-tamilanes historie, som har vore eit samarbeid mellom ulike aktørar innanfor det tamilske miljøet i Noreg. NLI si rolla skulle primært vere å gje råd og rettleiing, samt koordinere dei ulike trinna i utgjevingsprosessen. For å komme i mål med publiseringa vurderte instituttet det derimot slik at det var heilt naudsynt å ha ei meir aktiv og styrande rolle i avslutningsprosessen. Dette kravde store ressursar i form av arbeidstid, men resulterte også i bokutgjevinga *Norsk-tamilenes liv og historie 1956-2016*, som var presentert på eit stort arrangement i mars 2016. Ved sida av arbeidet med tamilhistoria har instituttet hatt 4 manuskript til gjennomgang. Mykje av rettleiinga er elles dirigert over på elektroniske plattformar, særleg Lokalhistoriewiki.no.

Lokalhistoriewiki har i 2016 styrka stillinga si som det viktigaste verktøyet for instituttet. Ikkje minst gjeld dette på forskings- og formidlingsområdet, der fleire prosjekt er basert på wikien. I første rekke vil vi i samanheng med dette nemne HBR-prosjektet (Historisk befolkningsregister), som vart vidareført på fleire plan. Andre viktige prosjekt er samarbeidet med Nasjonalbiblioteket om masseopplasting av biletar, vidare prosjekta Historiske toll- og skipsanløpslister, Asker- og Bærumleksikon og ulike samarbeidsprosjekt med medlemsorganisasjonar tilknytta Kulturvernforbundet. For eit meir uttømmande oversyn, sjå under styringsparameter 1 nedanfor.

Den vesentlege delen av arbeidstida og arbeidsoppgåvene til dei tilsette har også i 2016 vore kopla til det tredje resultatmålet, altså til å ta i bruk sosiale og dynamiske media som verktøy for fagutvikling. Heilt avgjerande innanfor denne satsinga er Lokalhistoriewiki.no, som har blitt ein så viktig del av heilskapen at det er vanskeleg å skilje dette resultatområdet frå dei andre, særleg frå forskings- og formidlingsverksemda. Som nemnt tidlegare, utgjer dei mange samarbeidsprosjekta som wikien legg til rette for ein sentral dimensjon ved denne utviklinga. Som ei direkte følgje av wikien har NLI i dag eit mykje tettare samarbeid enn tidligare med ei lang rekke offentlege institusjonar og friviljuge aktørar innanfor kultur- og kunnskapssektorane. NLI meiner samla sett at ressursbruken ved instituttet har vore god i 2016, men resultata som vi presenterer nedanfor i samband med våre tre ulike resultatmål, kviler også på stor arbeidsglede og entusiasme blant dei tilsette.

### Resultatmål

- 1 NLI skal gi råd og rettleiing til produsentar av litteratur med lokalhistorisk og stadhistorisk relevans
- 2 NLI skal drive eiga forsking og stimulere lokalhistorisk og stadhistorisk forsking
- 3 NLI skal ta i bruk sosiale og dynamiske media som verktøy for fagutvikling i dialog med brukarane
- 4 Oppretthalde god administrasjon og styring

**Resultatmål 1) NLI skal gi råd og rettleiing til produsentar av litteratur med lokalhistorisk og stadhistorisk relevans**

<b>Styringsparameter 1</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Kommunar og andre aktørar innan lokal- og stadhistorie som NLI har gitt rettleiing til	42	40	42	41	38

**Kommentar:** NLI rettleier en del av dei som er engasjerte i det lokalhistoriske arbeidet i norske kommunar, mellom anna ved å gjennomgå og kommentere manuskript og svare på skriftlege og munnlege førespurnader. I 2016 har NLI hatt rådgjevande kontakt med lokalhistoriske forfattarar, oppdragsgjevarar og andre aktørar i 38 kommunar. Dei tilsette har dessutan vore med på fleire planleggingsmøte med initiativtakarar til nye lokalhistoriske verk og halde mange foredrag om relevante lokalhistoriske tema. Vi har òg hatt telefonisk kontakt eller korrespondanse med andre personar som er engasjerte i lokalhistorisk arbeid.

<b>Styringsparameter 2</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Talet på gjennomgåtte og kommenterte manus til by- og bygdebokprosjekt og andre manuskript (medrekna innvandringshistorie)	6	7	8	12	4

**Kommentar:** NLI har i 2016 gjennomgått og kommentert manuskript frå 4 bokprosjekt, til saman ca. 1060 sider. Instituttet har gjennom rettleiingstenesta si råda fleire kommunar til å satse på ein kombinasjon av trykt og digital bygdebok. Ein slik kombinasjon har tidlegare vorte nytta i Skedsmo og Gjøvik, der forfattarane i bokverka kan konsentrere seg om dei lange linene, mens mykje av faktainformasjonen vert lagt ut i Lokalhistoriewiki.no.

**Resultatmål 2) NLI skal drive eiga forsking og stimulere lokalhistorisk og stadhistorisk forsking**

I samråd med styret har instituttet dei siste to-tre åra gitt forskingsoppgåvene større tyngd innafor verksemda. Eit viktig aspekt ved forskinga har vore dei opningar dette har gitt for samarbeid med andre institusjonar, friviljuge organisasjonar og individuelle aktørar med forskingskompetanse eller gode idear. Mykje av denne verksemda må gå over mange år og krev at instituttet har medarbeidarar som er interesserte og viljuge til å ta på seg store arbeidsoppgåver. Dei fleste samarbeidsprosjekta har Lokalhistoriewiki som plattform:

**Styringsparameter 1**

2.1. Samarbeid med andre institusjonar (og organisasjonar)

<b>Delmål</b>	<b>Samarbeidsinstitusjon, -organisasjon, -aktør</b>	<b>Prosjekt/Tiltak</b>	<b>Aktivitetar i 2016</b>
<b>2.1.1.</b>	Universitetet i Tromsø, ved Registreringssentral for historiske data, Riksarkivet, Norsk Regnesentral, Folkehelseinstituttet, Statistisk Sentralbyrå, Høgskulen i Volda, Universitetet i Oslo	Historisk befolkningsregister (HBR)	NLI har ført samarbeidet med HBR-prosjektet vidare, mellom anna gjennom lenking mellom Lokalhistoriewiki og HBR-basen og skriving av artiklar som gir kontekst til basen. NLI har også rekruttert fleire testbrukarar til HBR-basen, og hadde felles stand

			med HBR på Sleksforskardagen på Riksarkivet.
2.1.2.	Ragnhild Hutchison	Historiske toll- og skipsanløpslister	Prosjektet går ut på å gjere historiske toll- og skipsanløpslister fritt tilgjengelege og søkbare på nett gjennom å transkribere dei og mate dei inn i ein database med ein web-front. Medarbeidarar knytte til prosjektet har i 2016 oppretta og oppdatert wikiartiklar om mellom anna tollstader og lenka dei til databasen Historiske toll- og skipsanløpslister.
2.1.3.	Nasjonalbiblioteket (NB)	Opplasting av bilete og artiklar	Samarbeidet med NB om opplasting av bilete frå bøker i samlinga deira har halde fram. Det har elles vore jamn kontakt om oppfølginga av Preus museums fotografregister i wikien. Avdelinga deira for Forsking og formidling arrangerte i november ein Slaktsforskardag i samarbeid med NLI og DIS Norge. NLI deltok med stand og foredrag om slektsrelatert innhald i wikien.
2.1.4.	Budstikka, Asker kommune	Asker og Bærum-leksikon (AB-leksikon)	NLI og Budstikka sökte i 2016 om støtte frå Asker og Bærum kommunar til å leggje artiklar frå det nedlagde AB-leksikonet over på wikien. Vi fekk støtte frå Asker kommune, men ikkje frå Bærum. Tilsette på NLI la ut over 1200 artiklar frå Asker gjennom året. Friviljuge brukarar publiserte jamvel ein del av Bærumslitane.
2.1.5	Asker og Bærum historielag/Ressursgruppe for Asker	Asker og Bærum-leksikon (AB-leksikon)	Ei lokal ressursgruppe frå Asker, som kontakta NLI utan å kjenne til samarbeidet med Budstikka, har dels utvida artiklar frå AB-leksikonet, dels skrive nye. Det har vore fleire møte med og opplæring av representantar for gruppa.
2.1.6.	Kulturvernforbundet, Forbundet Kysten	Tradisjonsbåter, klinkbygging	Av medlemsorganisasjonane til Kulturvernforbundet har Forbundet Kysten vore mest aktiv på Lokalhistoriewiki også i 2016. Tradisjonsbåtregisteret har vorte utvida, med særleg vekt på klinkbygde båtar. NLI deltok på Landsstemet deira i Bodø med wikistand. Kulturvernforbundet sin policy er at tilslutta organisasjonar skal bruke

			Lokalhistoriewiki (LW) som plattform.
2.1.7.	Kulturvernforbundet, Norges Husflidslag	Husflidsprosjekt	NLI har halde wikikurs for fylkeskonsulentane i Norges Husflidslag. I wikien har vi arbeidd med dognadsfremjande tiltak. Mellom anna har vi lagt inn oversynet til Norges Husflidslag over raudlista handverk, lagd bibliografi og lagd oversyn over kva som har funnest av husflidsutdanningar i ulike delar av landet.
2.1.8.	Arbeidsgruppe under Tekna v/Steinar Bunæs	Samkult (Samferdsel, kultur og teknologi)	Prosjektet starta opp i wikien i 2009, men har vore lite aktivt dei seinare åra. Nytt liv vart blåse inn i prosjektet i 2016 med ny prosjektleiar og nye medlemmer i arbeidsgruppa. Representantar for gruppa skreiv om stasjonsarkitektur, og NLI bidrog med innlegg om wikien på Samkult-symposium.
2.1.9.	Telemarksarkivet	Privatarkiv frå Telemark	Telemarksarkivet har fått støtte frå Arkiverket til å lage ein dynamisk bevaringsplan for privatarkiv i Telemark med Lokalhistoriewiki som plattform. Delar av støtta går til arbeidet NLI gjer med prosjektet i wikien. I 2016 la vi ut eit oversyn i tabellform over dei 943 privatarkiva frå Telemark som er registrert i Arkivportalen. Tilsette ved musea knytt til Telemarksarkivet har skrive artiklar og arbeidd med rekruttering av skribentar til prosjektet. NLI har hatt fleire møte med og opplæring av representantar for prosjektet.
2.1.10.	Umapalan Sinnadurai	Norsk-tamilenes historie	Biografiske og andre typar artiklar frå boka <i>Norsk-tamilenes historie</i> , som vart gitt ut i 2016, skal publiserast på Lokalhistoriewiki. NLI har hatt møte med og opplæring av representantar for prosjektet, som har byrja arbeidet med publisering.
2.1.11.	VID historiske arkiv	Misjonsforeiningar på Lokalhistoriewiki	Intensjon om publisering av fylkesvise tabellar over 4-6000 misjonsforeiningar. Data er henta frå Misjonsarkivet sin database i VID historiske arkiv. Misjonsforeiningane og - organisasjonane vil i neste

<b>2.1.12.</b> Tromsø bibliotek v/Einar Dahl	Gards- og slektshistorie for Tromsø	omgang bli oppmøda om å skrive om foreiningane. Med støtte frå Nasjonalbiblioteket har Einar Dahl ved Tromsø bibliotek dei tre siste åra skriva 850 artiklar om hus og folk i Tromsø. NLI ga ved utgangen av tredje prosjektåret ei fagleg vurdering av arbeidet qua «gards- og slektshistorie» for ein by.
--	-------------------------------------	--

### Individuelle forskingsprosjekt :

Forskarane ved instituttet kan bruke inntil 50 prosent av arbeidstida på eiga forsking. I 2016 har forskar Hans Hosar særleg konsentrert seg om følgjande prosjekt:

#### Skjåk-prosjektet

Prosjektet kastar av seg emne til framtidige artiklar om "bygdemodernitet og historikarmodernitet", "dikting og (lokal)historie", "lokalt konstruerte kjønn" med meir.

#### Stand og klasse 1814

Kartlegging av sosialgrupper i Noreg ca 1800 med særleg vekt på bygdeborgarskapets historiske rolle i den historiske dynamikken generelt og den borgarlege revolusjonen spesielt. «Bygdeborgarskapet» er mest større bønder og proprietærar, særleg dei som er aktive i næringar utanom eige jordbruk.

For både desse prosjekta gjeld at Hosar målmedvite utnyttar lokalhistoriewikien til førearbeid. Det gjeld

- a) prosopografisk materiale til kartlegging av bygdeborgarskapet rundt 1800 og til ymse sosialgruppers (derunder offiserane) sitt forhold til konstitusjon og politikk,
- b) ditto biografisk/prosopografisk materiale til innsikt og kontekst kva gjeld dikting og historie med fokus på "diktarkvartetten" frå Lom og Skjåk (Aukrust, Ørjasæter, Bruheim, Jonsson) og til kaste lys på delkulturdanning og nettverk innan norskdomsrørsla
- c) emneartiklar om prosjektrelaterte sosial- og kulturvitkskaplege *omgrep* som stand, klasse og rang, *prosessar* som språkskifte riksmål/landsmål, kulturformande *institusjonar* og *organisasjonar* som folkehøgskular, avisar og tidsskrift, mållag osv, og om historisk *metode* som bruk av biografi mm.

Forskar Ola Alsvik har hatt fokus på prosjektet:

#### Det 20. århundres klangunivers – en undersøkelse av sammenhengene mellom støy, kunnskap og politisk handling i det 20. århundre

«Det 20. århundres klangunivers» er eit forskingsprosjekt med to målsetjingar. Den eine er lokalhistorisk og tek sikte på å fortelje konkret om endringane i det akustiske miljøet i Oslo frå slutten av 1800-talet til byrjinga av det 21. århundre. Den andre målsetjinga er kultur- og sosialhistorisk og orientert mot 1) å analysere korleis lydbildet i storbyen har vorte sansa, erfart og tolka til ulike tider av ulike aktørar og sosiale grupper i byrommet, 2) korleis kunnskapen om lyd og støy har utvikla seg,

vorte representert og formidla av ulike fagmiljø. Og endeleg 3) korleis samfunnet har handla politisk i høve til fenomenet støy. Eit sentralt omgrep i prosjektet er «klangunivers» eller «soundscape», som er konsipert av den kanadiske musikologen Raymund Murray Schafer. Eit klangunivers er heilskapen av naturlege og menneskeskapte lydar på ein bestemt stad til ei bestemt tid. Det er i første rekke dei ulike fasane i utviklinga av Oslos klangunivers som skal beskrivast og analyserast i prosjektet. Forteljinga vil derimot ikkje leggje einsidig vekt på klangane – eller dei akustiske lydfenomena i isolert tyding – men undersøkje dei i samanheng med dei sosiale og klassemessige strukturane, dei kulturelle relasjonane og politiske makthøva i storbyen.

#### **Publiseringssverksemnd:**

<b>Styringsparameter 2</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Talet på nye artiklar publisert i Lokalhistoriewiki.no	2474	4758	10957	5775	5876

**Kommentar:** Ein vesentleg del av den forskingsrelaterte publiseringa til medarbeidarane ved NLI skjer på Lokalhistoriewiki.no. Dei tekniske, administrative og fagdidaktiske premissa som Lokalhistoriewiki legg for arbeidet, har verka positivt inn på dei tilsette sin eigen artikkelproduksjon og på produksjonen til andre aktørar innanfor kunnskapsfeltet.

<b>Styringsparameter 3</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Talet på fysiske publikasjonar produsert av dei tilsette i NLI	8	5	14	10	7

**Kommentar:** 2016 har vore nok eit godt år for artikkelproduksjon på Lokalhistoriewiki. Men dei tilsette har dessutan publisert artiklar i fysiske publikasjonar. Særleg vil vi i denne samanheng nemne at forskar Hans Hosar publiserte band fire av Skjåk bygdebok, som omhandlar perioden frå 1914 til 1945.

Lokalhistorisk magasin kom ut med tre nummer i 2016. Det første var eit dobbelnummer. Numra hadde følgjande tema:

- Nr. 1-2, Kunst og husflid,
- Nr. 3, Bygningshistorie
- Nr. 4, Høytider

I tillegg til dei faste redaksjonsmøta på telefon, hadde redaksjonen i 2016 også møte i Rissa og i Bergen.

#### **Jubileumsseminar:**

I samband med at NLI markerte sitt 60-års jubileum i 2016, vart det 10.-11. november arrangert eit forskar-seminar med tittelen «Over alle grenser – Lokalhistoriens tid og territorium i møte med globalisering, nye erkjennelsesformer og en ny medievirkelighet.» Seminaret hadde tre delar. I første del vart fokus retta mot ulike historie-omgrep og tidsforståingar innanfor historiefaget. Andre del av seminaret var via «samfunnsmøtet» og dei utfordringar økonomisk globalisering og migrasjon utgjer for det tradisjonelle omgrepet «lokalsamfunn» med vekt på stabilitet og territorialitet. Tredje og siste del tok for seg spenninga mellom to liner i formidlinga av historie, den eine med vekt på gjenstandar og materialitet, den andre med fokus på digital teknologi og virtuell kunnskap. Endeleg

vart det til slutt retta fokus mot nettbaserte fellesskap og potensialet for samskriving artiklar på Lokalhistoriewiki. Seminaret hadde omkring 70 deltagarar. (Sjå elles wikiseminar s. 11).

### **Resultatmål 3) NLI skal ta i bruk sosiale og dynamiske media som verktøy for fagutvikling i dialog med brukarane**

#### **Styringsparameter 1**

Utviklinga av Lokalhistoriewiki.no

### **Innhald og brukarar**

Dei siste åra har vi gått gjennom dei tekniske og strukturelle sidene ved wikien med kritisk blick og landa på gradvis og systematisk å forenkle drifta. I år har det mest ikkje vore behov for anna enn naudsynt vedlikehald og oppdatering. I staden har vi gått andre delar av wikien etter i saumane. Som tidlegare har informasjonsrådgjevar Marianne Wiig vore prosjektleiar. Elles har forskar Olve Utne og rådgjevarane Chris Nyborg og Trond Nygård brukt heile arbeidstida til oppfølging av enkeltprosjekt, rådgjeving og artikkelskriving på Lokalhistoriewiki.

### **Sjølvrefleksjon**

I vårhalvåret hadde vi ei rekkje på åtte interne møte, der vi mellom anna tok opp stoda for mangfold og samarbeid på ulike plan i wikien. Den ideelle fordringa vår er at «alle skal med». Ikke berre at alle si historie skal fram, men også at alle skal vere med å skrive historie. Likevel syner statistikken at eit fleirtal av dei aktive brukarane har master eller annen universitets- eller høgskulegrad, berre 20 % er kvinner, og få har fleirkulturell bakgrunn. Det er ikkje underleg om ein slik skeivskap også har prega innhaldet i wikien. Artiklane sin historikk tyder dessutan på at brukarane samarbeider mindre enn ein kunne vente seg når det gjeld ein sosial nettstad av denne typen.

### **Wikiseminar**

Våre førebelse konklusjonar og ikkje minst dei nye spørsmåla vi stilte oss etter møta, inspirerte rammene for wikiseminaret som var planlagt dette året, og som vart halde 22. oktober i Halvbroren. Seminaret fekk tittelen *Lokalhistoriewiki – Samhandling og miljøbygging*, og innleiarane var dels etablerte wikibrukarar som snakka om sine erfaringar, og dels forskarar på sosiale medium, som hjelpte oss å sjå wikien i fugleperspektiv. Ein del av dei kring 40 deltagarane på seminaret hadde treft kvarandre og oss på NLI på wikien tidlegare, men vi har tru på at fysiske møte er med på å styrke den sosiale og faglege kontakten brukarane i mellom. NLI fekk mange gode innspel til kva vi kan gjere betre.

### **Teknisk utvikling og drift**

#### **Visual editor**

I 2016 opna vi for visuell redigering i wikien. Det vil seie at brukarane kan redigere direkte i artiklane slik dei ser ut for lesarane («wysiwyg» = what you see is what you get). Dette er ein lekk i arbeidet vårt med å gjøre nettstaden meir brukarvenleg. Særleg for redigering av artiklar som allereie er skrivne, trur vi denne modusen vil gjøre det enklare både å rette småfeil i artiklar og å gjøre endringar i meir kompliserte strukturar som tabellar. For meir avansert redigering, kan ein som tidligare framleis redigere i kjeldekoda.

## Geodata

I løpet av året har vi også undersøkt korleis vi kan innleme ulike kartfunksjonar i wikien. Som eit konkret skritt på vegen, har vi installert eit tillegg, GeoData, som reknar ut avstanden mellom koordinatar på kart. Dette opnar for at lesarar kan søke opp wikiartiklar om bedrifter, gater, kulturminne eller andre koordinatfesta einingar i nærleiken av eit gitt punkt på kartet, til dømes frå mobilén om dei er ute på tur.

## Lenka opne data

Vi har i 2016 halde fram med å leggje til rette for samarbeid med andre nettstader gjennom bruk av lenka opne data (LOD) og har no lenker til id-ar i Arkivportalen, Bibsys, Bokhylla, Digitalarkivet, Folketeljingsdata, Kartverket, Den norske kyrkje, Kulturminnesøk, Norsk ordbok, Preus museum, Historisk befolkningsregister og Digitalt museum. I år har vi lagt inn LOD-malar i 5201 artiklar og 288 biletar, og koordinatfesta 6369 artiklar og 1118 biletar.

## Avvikling av teljeverk


I samband med oppgraderinga av grunnprogrammet Mediawiki, vart teljeverket for artiklar avvikla. Ein del brukarar hadde nytte av å syne fram dei mest lesne artiklane i marknadsføringa av ulike prosjekt, men funksjonen var krevjande for serveren og hadde dessutan nokre slagsider. Han ga wikiforsidene eit statisk preg gjennom at artiklar som allereie var mykje lest hamna på toppen av listene, medan nye artiklar ikkje kom med i det heile. No syner vi i staden eit tilfeldig utval nye og gamle artiklar som rullerar, slik at breidda og veksten av artiklar kjem tydelegare fram.

## Styringsparameter 2


Talet på besøk og sidevisingar i Lokalhistoriewiki.no

Lokalhistoriewiki.no	Talet på besøk	Sidevisingar
2013	640 584	2 150 078
2014	870 886	2 551 139
2015	1 043 121	3 011 431
2016	1 146 000	2 986 286

**Kommentar:** Lokalhistoriewiki er utan samanlikning den viktigaste av NLI sine nett-tjenester. Det er i første rekke gjennom wikien instituttet kommuniserer med sine brukarar. Det er ein tovegs kommunikasjonskanal, der både partar bidreg med artiklar, lyd- og biletfiler, kommentarar og diskusjonsinnlegg. Difor har det vore viktig for instituttet å finne gode og målbare indikatorar på omfanget av brukarinvolvering i Lokalhistoriewiki. To enkle indikatorar er besøk og sidevisingar. Besøk og sidevisingar som er gjort frå lokale til NLI er ikkje teke med i statistikken, og det må gå meir enn 30 minutt mellom to besøk frå same brukar for at det reknast som separate vitjingar.



**Kommentar:** Som også vist i tidlegare årsrapportar er det stor variasjon i talet på besøk i løpet av eit år. Det er to toppunkt i årssyklusen, det eine på vinteren/våren og det andre på hausten. Grafen nedanfor syner at april 2016 representerer eit førebels høgdepunkt i besøk på Lokalhistoriewiki.no. Samanlikna med dei føregåanda åra var det også større spenn mellom ytterpunktata i besøkstala. Mellom april og august gjekk i røynda talet på besøkjande ned med meir enn 50.000.



**Kommentar:** Ein annan viktig indikator som NLI følgjer nøyne, er talet på sidevisingar som fortel kor mange artiklar eller andre ressursar i wikien som vert viste. Mönsteret er ikkje overraskande det same når det gjeld denne indikatoren som tilfellet er for besøksfrekvensen.

Styringsparameter 3	2012	2013	2014	2015	2016
Artiklar i Lokalhistoriewiki.no	13.408	18.166	29.123	34.898	40.774

**Kommentar:** I 2016 auka artikkelmengda i Lokalhistoriewiki med nesten 5900 artiklar, eller omkring 16 prosent. Lokalhistoriewiki fekk i same tidsrom 216 nye brukarar, slik at nettstaden i januar 2017 har omkring 2600 reelle brukarar.

Styringsparameter 4	2012	2013	2014	2015	2016
Bilete og lydfilar i Lokalhistoriewiki.no	22.700	32.201	113.932	145.774	161.777

**Kommentar:** De mange brukarane har lasta opp meir enn 16.000 nye bilet- og lydfilar i 2016. Som nemnt i årsrapporten for 2015, er det no teknisk mogeleg å laste opp videoar på wikien.

## Styringsparameter 5

### Lokalhistorie.no

**Kommentar:** Tendensen dei seinare åra har vore at Lokalhistorie.no har fått gradvis mindre vekt i instituttets totale verksemd. Men framleis fungerer Lokalhistorie.no som offisiell, autoritativ nettstad for instituttet, der vi informerer om våre tenester. Kommunikasjonen med brukarane skjer derimot i hovudsak på Lokalhistoriewiki, som tar over meir og meir av brukarkontakten. Lokalhistorie.no har hatt ein tilvekst på omkring 40 artiklar i 2016.

Historieblogg.no	2013	2014	2015	2016
Besøk i Historieblogg.no	7980	13.203	13.242	16.950
Sidevisinger i Historieblogg.no	15.185	22.424	23.606	29.251

**Kommentar:** I februar fekk historiebloggen eit nytt og meir moderne bloggtema. Dette gjorde at lesarane betre kunne lese blogginnlegga på mobiltelefon og lesebrett. Det nye temaet førte til ein oppgang i lesartalet. Målt i besøkstal har 2016 vore det beste året for historieblogg.no så langt. Med unntak av juli, ein månad da mange nettstader opplever redusert trafikk, har samlede månader hatt meir enn 1000 besøk. September 2016 har vore den beste månaden i bloggens historie med rett over 2000 besøk. Målsettinga var å publisere ein ny artikkel annankvar veke i 2016. Dei fleste månadene har dette slått til. I sommarferien gjekk det likevel tre veker mellom artiklane, dessutan tok bloggen pause i november og desember. Trass i pausen hadde bloggen over 1000 besøk i november og desember, noko som tyder på at den gode utviklinga vil halde fram i 2017. Vit. ass./rådgjevar Marthe Glad Munch-Møller er redaktør for bloggen.

Bibliotek og bibliografi	2013	2014	2015	2016
Talet på band i biblioteket til NLI	20.967	21.255	21.577	21.796

Biblioteket hadde ein tilvekst på 219 band i 2016. Biblioteket er særskilt nyttig for instituttet sine medarbeidrarar. Det vert også i stor grad nytta av eksterne forskrarar og andre lokalhistorisk interessa. Arbeidet med å vedlikehalde bibliografien over norsk lokalhistorisk litteratur har vore vidareført gjennom heile året, både i form av excel-skjema og på Lokalhistoriewiki. Opplysningar om bygdebøker under arbeid ajourførest så langt det er mogeleg. Men dette arbeidet har dverre vorte nedprioritert dei seinare åra.

NLI tok i 2016 på seg eit bibliografioppdrag for Norsk Maritimt Museum. Oppdraget gjeld historia om norsk isproduksjon og -eksport og vert utført av Siri Iversen. Arbeidsomfanget er eit månadsverk.

### Redusere og fjerne "tidstuvar"

Når det gjeld effektiviseringstiltak og tidstuvar internt ved NLI, har vi i 2016 ført vidare det arbeidet som vi tidlegare har gjort for å drive effektivt. Nokre døme skal gjevast:

- Vi har i fleire år samarbeidd med Norsk lyd- og blindeskribtbibliotek (NLB) om rekneskap og service/support som gjeld pc-tenester. NLI har ikkje eigne tilsette som er godt utdanna innan desse arbeidsområda, medan NLB har personar som er godt kvalifisert og kan hjelpe oss dersom problem skulle oppstå. NLI betaler ein fast sum pr. år for denne tenesta.

